



Elin Elvik

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2301 - 16/1953

Saksbehandlar:

Atle Vaage

Atle.Vaage@lindas.kommune.no

Dato:

25.01.2016

Spørsmål om lys på Alversund kunstgras og ballbinge

Viser til brev til kultursjef Øyvind Stang datert 22. januar 2016 vedrørende spørsmål om lys utanfor organisert treningstid på kunstgrasbana og ballbingen i Alversund.

Lindås kommune har til no praktisert lysbruk slik at det berre har vore brukt lys til organiserte treningar og kampar. Ei eventuell endring bør gjelda likt for alle banene kommunen driv. Underteikna har difor oppmoda idretten om å fremja eit felles ønske for lys på anlegga via Lindås Idrettsråd.

Slik eg forstår har dette til no ikkje ført fram. Underteikna vil difor fremja saka internt straks. Eg oppmodar samstundes IL Alvidra om å jobba vidare opp mot idrettsrådet, for å få fram eit felles ønske frå idretten i dette spørsmålet.

I skrivet vert det vist til at det kan vera ønskeleg med lys i ballbingen også når det ikkje er lys på sjølve bana. Dette vil krevja ein mindre ombygging av lysanlegget i Alversund. Denne saka vil verta vurdert for seg, dersom kommunen endar på at ein ikkje skal kosta lys på banene utanfor organisert treningstid.

Vidare tilbakemelding vil bli gitt så snart som mogleg.

Med helsing

Atle Vaage

fagansvarleg idrett og grønt

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Kopi til:
Idrettslaget Alvidra

Mottakarar:
Elin Elvik